



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Ragnhild Lønningdal	<b>Arkivkode:</b> FA-Q10
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/554	<b>Løpenr:</b> 20/7148
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	13.10.2020	021/2020
Kommunestyret		

## Vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet

### 13.10.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta framlegg til vedtak, og kom fram følgjande tilleggspunkt sett fram av Karl Kolbotn (Frp) og Monica Tjønnna (Sp): "Tiltaket bør finansierast utan bompenger, men dersom det det vert bompengar krev Samnanger kommune at eksempel 1 (s.95 pkt 6.5.2 Bompengelopplegg i plan omtalen) mtp bompengefinansiering vert inne i ny tunnel.

Samnanger kommune ber om at mest mogleg LNF og dyrka mark vert uberørt"

### NAT- 021/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Tiltaket bør finansierast utan bompengar, men dersom det vert bompengar krev Samnanger kommune at eksempel 1 (s.95 pkt. 6.5.2 Bompengelopplegg i planomtalen) mtp bompengefinansiering vert inne i ny tunnel.

Samnanger kommune ber om at mest mogleg LNF og dyrka mark vert urørt.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

### Dokument som er vedlagt:

Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Oversending av kommunedelplan for politisk handsaming

### **Kva saka gjeld:**

Det er utarbeidd kommunedelplan (KDP) med konsekvensutgreiing (KU) for fylkesveg 49 mellom Steinsdalen i Kvam herad og Eikedalen i Samnanger kommune. Kommunedelplanen gjeld sikring mot skred av strekninga forbi Tokagjelet i Kvam herad.

Statens vegvesen stod for utarbeiding av planforslaget, og la forslag til kommunedelplan ut til offentleg ettersyn og høyring i perioden 7. oktober til 23. november 2019. Høyringsfristen vart forlenga til 19. januar 2020. I løpet av høyringsperioden kom det inn 31 merknader, og desse er å finna i planomtalen. I planomtalen kjem det òg fram kva vurderingar og endringar som er gjort etter høyringsperioden. Vestland fylkeskommune overtok arbeidet med kommunedelplanen frå 01.01.2020, og stod for handsaming av innkomne merknader og ferdigstilling av kommunedelplanen.

Etter høyring er det arbeidd vidare med to aktuelle alternativ. Dette er:

- B1 Kletten – E1 Kleven
- B1 Kletten – E3 Eikedalen

Det er i planomtalen gitt ei nærare vurdering av desse to alternativa, og grunngeving for tilråding av alternativ B1 Kletten – E3 Eikedalen. Tilrådd alternativ er kostnadsrekna til 1,9 – 3,1 mrd. Kr, med 25% usikkerheitsmargin.

Vestland fylkeskommune har no oversendt kommunedelplanen til Kvam herad og Samnanger kommune for politisk handsaming og endeleg vedtak. Fylkeskommunen hadde ein presentasjon av endeleg framlegg til plan i kommunestyret sitt møte den 11. juni 2020. Kvam herad har i løpet av september 2020 handsama saka i miljø-, plan- og bygningsutvalet, formannskapet og i heradsstyret, og dei har vedteke det tilrådde Eikedalsalternativet. Det fører til at også Samnanger skal handsama kommunedelplanen, med mogleg endeleg vedtak.

Det er etter høyring gjort nokre mindre endringar i alternativa Kletten B1 (i Kvam) og Eikedalen E3 (i Kvam og Samnanger):

#### ***Kletten B1***

Påhogsområdet må leggest litt lenger vest enn vist på tidlegare teikning. Dette for å få god nok fjelloverdekking over tunnelen. Endringa medfører også litt omlegging av lokalvegen for å få plass til å legge denne over portalen til ny tunnel. Endringa medfører om lag 100 m kortare tunnel enn opphavleg løysing, både til E1 Kleven og E3 Eikedalen. Endeleg plassering av påhogg må fastsettast i reguleringsplanfasen.

#### ***Eikedalen E3***

Påhogsområdet må flyttast til om lag 150 – 250 m nord for Teigabergtunnelen for å unngå å gå inn i eit område med mektige lausmassar. Påhoggsalternativet vil då kunna gå rett inn i bergveggen som er om lag 200 m høg. Det vil bli behov for reinsk av fjellveggen og sikring i anleggsperioden. Tunnelportal vil gje permanent sikring av veggen mot nedfall av stein. Endring av plassering av tunnelpåhogg vil gje om lag 200 m kortare tunnel mellom B1 Kletten og E3 Eikedalen enn opphavelg påhogg. Endeleg plassering av påhogg må fastsettast i reguleringsplanfasen.

Planomtalen har følgjande figur, som illustrerer endringane i Eikedalen E3. Endringane har berre konsekvensar i Kvam herad:



Figur 3: Endring av påhogg i Eikedalen. Svart linje viser alternativ plassering av ny veglinje for fv. 49. Lokalveg, vist med mørk grå linje, kan leggest på bru over ny fylkesveg i staden for over portal som planlagt i opprinneleg løysing.

### Vurderingar og konsekvensar:

Vestland fylkeskommune skildrar og svarar på Samnanger kommune sitt høyringsinnspel slik:

Samnanger kommune skal i samarbeid med Kvam herad bygge ut offentleg vatn- og avløpsnett på strekninga Eikedalen – Fossen Bratte tunell, og er i oppstarten av reguleringsplanarbeidet. I den samanheng vert det og regulert for gang- og sykkelveg i same trasé. Dei har god von om at denne er ferdig etablert før trafikkauken er ein realitet, fordi kommuneplanens arealdel har rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg fram til nye-/utvida område for fritidsbustader nedover mot Fossen Bratte. Dei meiner dette kan løysast med utbyggingsavtalar. Detaljar kring arealbruken vil dei komme attende til ved ein ev. reguleringsplan for dette tunnelalternativet.

Kommunestyret har gjort følgjande vedtak i samband med kommunedelplan for fv. 49 forbi Tokagjelet:

- *Grunna auka belastning på vegen i Samnanger i forbindelse med tunnel gjennom Tåkagjelet, så ønskjer vi utbetring og trafikksikringstiltak som avbøtande tiltak.*
- *Samnanger kommune støttar ikkje alternativ med utløp på Jarland.*

### Vurdering frå Vestland fylkeskommune


Det er usikkert kva tid andre utbetringstiltak langs denne vegen vil bli prioritert med offentlege midlar. Ut over tunneloppgradering ligg det ikkje føre planar om utbetringar på denne strekninga.

Samnanger næringsforum hadde følgjande uttale til planen under offentleg ettersyn:


Meiner at alternativ E3-B1 (Eikedalen – Kletten) bør veljast, og at dette alternativet er betre enn E1-B2 (Kleven – Nybø), som er vurdert som beste alternativ for kort tunnel under konklusjonen i planomtalen. Dei argumenterer med at E3-B1 vil vere til god nytte for gjennomgangstrafikken, samtidig som ein vil bevare friluftsområdet og hytteområdet ved Kleven. Tunnelen vert bygd i rett retning med ca. 3,2 % stigning, og ein unngår at det må leggest inn svingar for å tilfredsstille stigningskravet på 5%. Dei meiner elles at påhogg ved Nybø (B2) er det dårlegaste i Steinsdalen, og grunnjev dette med m.a. stigning på veg i dagen på ca. 7,7 % og problem med frostrøyk frå elv like ved som fører til glatt køyrebane. Samnanger Næringsforum meiner elles at Eikedalen er ein naturleg stad for påhogg for framtidig utbetring mot Samnanger, og at det er fleire dårlege parti på strekninga Eikedalen – Trengereid langs eksisterande fv.49. Dei viser elles til at det er aukande trafikk også på fv. 49 gjennom Samnanger, og at det er viktig at vegen vert utbetra og godt vedlikehalden, også vidare frå Eikedalen til Trengereid.

**Vurdering frå Vestland fylkeskommune**  
Merknaden vert tatt til orientering.

På kommunedelplannivå er eit plankart veldig grovt, og dei fleste detaljar skal bestemast nærare gjennom ein reguleringsplan. Ny trasè for fv 49 inn mot det nye tunnelpåhogget i Eikedalen er illustrert med raud linje i plankartet:



Den nye veglinja får konsekvensar i form av riving av ein til to fritidsbustader på nedsida av dagens veg. Framtidig reguleringsplan for prosjektet vil fastsetja endeleg veglinje, men det er lite truleg at desse fritidsbustadane vil bli ståande, sjå kartutsnitt:



Prosjektet er svært viktig for Kvam herad, og i si saksutgreiing omtaler administrasjonen dette som ei av dei absolutt viktigaste sakene som skal handsamast i denne heradsstyreperioden. Vidare skildrar ein kor viktig planen er for Kvam:

*«Kvammasamfunnet har i løpet av dei siste åra sett kor viktig det er med trygg og open veg i mellom Kvamskogen og store delar av kommunen. Når vegen i Tokagjelet er stengt og vegen til Bergen vert lengre for svært mange, stoppar mykje opp og næringslivet vert handlingslamma. Ein ny og framtidretta kommunedelplan vil vera første steget mot ein tryggare veg igjennom Tokagjelet.»*

Planskildringa s. 3 – 26 gjev ein grundig gjennomgang av vurderingane for tilråding av alternativ. Administrasjonen meiner at planen er godt gjennomarbeidd, og gjev eit grunnlag for vidare reguleringsplan for dette prosjektet. Alternativet Eikedalen E3 er vurdert til å vera det beste etter ei samfunnsøkonomisk vurdering.

Tilrådd alternativ E3 – B1 er kostnadsrekna til 1,9 – 3,1 mrd. Kr, med 25% usikkerhetsmargin. Vestland fylkeskommune vil arbeida vidare med finansieringsplan for prosjektet i dialog med Kvam herad og Samnanger kommune, som del av fylkeskommunen sitt arbeid med Regional transportplan 2022-2033. Samnanger er allereie invitert inn til eit første møte.

Administrasjonen rår til at kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet vert vedteken, alternativ Eikedalen E3 – Kletten B1.

